



Bygging av omsorgssenter på Myroldhaug



*"Meir verdighet for
den enkelte"*

Prosjektbakgrunn:

Planlegginga av nytt helse- og omsorgssenter i Eid starta i 2001, i samband med at Eid kommune laga handlingsplan for eldreomsorga. I juni 2009 vedtok kommunestyret rom- og funksjonsprogram for nytt helse- og omsorgssenter. Den vedtekte planen frå 2009 ligg til grunn for første byggjesteget som startar opp i haust. I dei påfølgjande byggjestegeta er planen å samlokalisere pleie- og omsorgstenestene.

Fakta om utbygginga:

- Areal nybygg ca 4.000 m²
- Kostnad 170 mill. kroner inkl mva
- Husbanktilskot ca 65,4 mill. kr
- 4 avdelingar med eigne stover, kjøkken og matstove
- 40 bebuarrom
- Pasientheis i alle bebuarom
- Godt utbygd velferdsteknologi
- Trådløst nett over heile bygget
- Kontor for lege
- Treningsrom/kontor for fysioterapeut
- Oppstart hausten 2015
- Ferdigstilt 1. mars 2017

Info. om byggjeprosessen blir lagt ut på www.eid.kommune.no

Rom for omsorg

Etter ein årelang prosess er det gledeleg at bygging av nytt helse- og omsorgssenter no kan ta til. For dei eldre bebuarane betyr dette ein bedre og enklare kvardag - og eit liv med meir verdigheit for den enkelte. Eit omsorgssenter er ein heim for dei som treng det aller mest - eldre og sjuke med behov for pleie heile døgnet. Det nye omsorgssenteret vil få 40 heildøgns omsorgsplassar - alle med eigne bad, moderne standard og tilrettelagt for framtidens velferdsteknologi.

Omsorgssenteret vil bli bygd ved sidan av dagens Eid Sjukeheim på Myroldhaug. Dei 10 nyaste plassane på dagens Sjukeheim vil bli ståande i tillegg til dei nye 40 plassane, slik at det samla blir 50 heildøgns omsorgsplassar i det nye omsorgssenteret. Det er også lagt til rette for vidare utbygging av omsorgssenteret i nye byggesteget, til ein samla kapasitet på ca 100 plassar og samlokalisering av alle tenestene på området.

Forts. side 2.

Ny og betre kvardag

Det nye omsorgssenteret betyr enklare og betre arbeidstilhøve for dei tilsette. Inne blir bygget organisert i 4 mindre einingar med eigne stover, kjøkken og matstove. Romløysninga vil gje ein meir funksjonell kvardag både for dei eldre og dei tilsette, og ikkje minst eit meir heimeprega miljø for bebuarne. Det blir også lagt tilrette for bruk av velferdsteknologi som hjelpemiddel, noko som blir ein viktig del av framtidens institusjonsteneste.

Byggjeprosess - framdrift

Eid kommune har inngått kontrakt med entreprenør Åsen & Øvrelid om bygging av det nye omsorgssenteret på Myroldhaug. Vedlagt finn de teikningar av fasadar og planløysning for bygget.

- Kontraktsteikning for bygging
- Byggjstart/graving
- Byggjetrinn 1 ferdigstilt

19. august 2015
Oktober 2015
Februar 2017



"Mindre bueiningar vil gje ein enklare kvardag for dei eldre og tilsette, og eit meir heimeprega miljø for den enkelte bebuar".

- Avdelingssjukepleiar
Heidi M. Starheim



Har du spørsmål, ta kontakt!



Prosjekt: Nytt omsorgssenter

Torfinn Myklebust, prosjektleiar Eid kommune
Tlf 971 97 642
torfinn.myklebust@eid.kommune.no



Bjørnar Haveland, prosjektleiar entreprenør, Åsen & Øvrelid as
Tlf 98 28 89 05
bjornar.haveland@aasen-ovrelid.no



Eid kommune

